



Mjølkeproduksjon og storfekjøttproduksjon for framtida

*Eit mobiliseringsprosjekt i Lom og Skjåk med fokus på
modernisering av driftsapparat og optimalisering av produksjonen*

2020 - 2022

Innhold

1. Bakgrunn	2
2. Kvifor prosjekt	4
3. Resultatmål.....	5
4. Strategiar	5
5. Tiltak og gjennomføring	6
5.1 Aktivitetar	6
5.2 Tidsplan	7
6. Organisering	8
7. Kritiske faktorar	9
8. Ressursar, budsjett og finansiering	9
8.1 Budsjett	9
8.2 Finansieringsplan	10
9. Rapport.....	10

1. Bakgrunn

Mjølke- og kjøttproduksjon på storfe blir ofte betekna som sjølvne berebnelken i landbruket. Produksjonsforma er i stor grad heiltidsarbeid, og bidreg til eit aktivt landbruksmiljø i bygdene. Produksjonen er basert på bruk av lokale ressursar, og er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet. Mjølkeproduksjonen har tradisjonelt stått sterkt i Lom og Skjåk, og gjer det framleis. Produksjonen betyr mykje for lokalsamfunna i kommunane, både med tanke på verdiskaping og sysselsetjing. Mjølka produseras i all hovudsak på små og mellomstore bruk, med ei gjennomsnittsbetsetning på om lag 20 kyr. Bruksstrukturen i kommunane er generelt prega av små einingar. Ressursgrunnlaget og arronderinga tilseier at det ikkje er potensiale for dei store utvidingane i produksjonen, og særleg ikkje utan at det går på kostnad av andre produsentar.

Landbruksnæringa har opplevd store endringar dei siste 15-20 åra med tanke på effektivisering, strukturendring, pressa økonomi og offentlege krav og retningslinjer. Den generelle strukturutviklinga i mjølkeproduksjonen har gått i retning av færre produsentar, og færre men meir effektive kyr. Denne trenden har og gjort seg gjeldande i Lom og Skjåk. Frå 2000 til 2019 er talet på føretak redusert med 50 % i Lom og over 60 % i Skjåk. Det er sårbart for produsentmiljøet dersom avskalinga av produsentar held fram, og spesielt i enkelte bygder er denne utviklinga ein trussel for det aktive landbruksmiljøet. Produksjonsvolumet har helde seg på eit nokså stabilt nivå over tid i begge kommunane. Tendensen dei siste 5 åra er likevel ein nedgang i volum på om lag 5 % i Lom og 16 % i Skjåk.

Tabell 1: Utvikling av mjølkeproduksjonen i Lom kommune, 2010-2018

Lom kommune				
År	Grunnkvote	Liter levert	Hentepunkt	Kvote pr. hentepunkt
2010	8 164 884	7 772 504	90	90 721
2011	8 380 338	7 808 011	85	98 592
2012	9 228 101	8 320 704	85	108 566
2013	8 528 580	8 407 469	77	110 761
2014	8 603 790	8 230 681	74	116 267
2015	8 591 579	8 230 066	72	119 327
2016	8 605 665	8 132 639	70	122 938
2017	8 379 264	7 972 778	68	123 224
2018	8 898 966	7 988 346	64	139 046

Kjelde: Landbruksdirektoratet, Tine Råvare


Tabell 2: Utvikling av mjølkeproduksjonen i Skjåk kommune, 2010-2018

Skjåk kommune				
År	Grunnkvote	Liter levert	Hentepunkt	Kvote pr. hentepunkt
2010	6 674 623	6 305 821	57	117 099
2011	6 586 228	6 205 878	53	124 268
2012	7 328 338	6 486 388	53	138 271
2013	6 661 945	6 393 551	50	133 239
2014	6 520 663	6 008 098	49	133 075
2015	6 460 909	5 950 158	49	131 855
2016	5 945 890	5 674 192	43	138 277
2017	5 947 726	5 541 889	45	132 172
2018	6 260 539	5 478 574	42	149 060

Kjelde: Landbruksdirektoratet, Tine Råvare

Strukturfordelinga av mjølkekvotane gjev eit bilde av den generelle bruksstrukturen i kommunane. I både Lom og Skjåk er majoriteten av kvotane per føretak mindre enn 150 000 liter. Det er til saman 7 aktive samdrifter i dei to kommunane, og fleire av desse har over 400 000 liter i kvote. Ettersom samdriftene blir rekna som eitt føretak er dette med på å dra opp den gjennomsnittlige kvotestorleiken per føretak.

Figur 1. Strukturfordeling: kvotestorleik pr. føretak i Lom og Skjåk i 2018



Kjelde: Landbruksdirektoratet

I perioden 2010 - 2019 har det vore ei positiv utvikling i ammekuproduksjonen i Lom og Skjåk. I Skjåk har talet på produsentar auka frå 16 til 24, og talet på ammekyr har auka frå 200 til 298. I Lom har talet på produsentar auka frå 10 til 21, og talet på ammekyr har auka med 144 individ. Totalt er det 149 produsentar som har storfe, og av desse er det 101 som leverar kjøtt i tilknytning til mjølkeproduksjon.

Tabell 3: Endring i talet på føretak og talet på dyr innan ulike produksjonar frå 2010 til 2019 i Skjåk og Lom, henta frå søknad om produksjonstilskot.

		2019		Endring siste 10 år	
	Produksjon	Føretak	Tal dyr	Føretak	Tal dyr
Skjåk	Mjølkeku	40	947	- 17	- 147
	Ammeku	24	298	+ 8	+ 98
	Anna storfe	68	2302	- 8	- 211
Lom	Produksjon	Føretak	Tal dyr	Føretak	Tal dyr
	Mjølkeku	61	1301	- 29	- 77
	Ammeku	21	212	+ 11	+ 144
	Anna storfe	81	2696	- 14	+ 231

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Ei av dei største utfordringane for mjølk- og storfekjøttproduksjonen i Lom og Skjåk er den høge andelen båsfjøs. I 2019 produserer framleis 82 % av føretaka mjølka i båsfjøs, og andelen er omtrent lik for begge kommunane. Dei aller fleste driftsbygningane i Lom og Skjåk vart bygd på 1970-talet, og mykje har endra seg sidan den tid med tanke på dyrevelferd, HMS, bruk av teknologi, effektivitet i

produksjonen, familieliv osv. Driftsbygningane har etter kvart vorte upraktiske og umoderne. På enkelte gardsbruk er store investeringar i driftsapparatet nyleg gjennomført eller under planlegging, og ein del har gjort mindre tilpassingar i eksisterande bygningsmasse. Desse utgjer likevel fåtalet av produsentane.

I løpet av dei neste 15 åra innføres det ei rekke nye dyrevelferdstiltak i storfehold, med krav til lausdrift i alle fjøs som den mest omfattande endringa. Stortinget vedtok i 2003 å innføre lausdriftskrav med mål om at alle mjølkekyr skulle vere i lausdrift innan 2024. Siste frist for omlegging til lausdrift vart som følgje av jordbruksforhandlingane i 2016 utsatt til 2034. Som eit kompensierende tiltak for utsetjing av lausdriftskravet skal det i 2024 innføres krav om eigen kalvings- og sjukebinge i alle fjøs, samt krav om at storfe oppstalla i båsfjøs skal sikras moglegheit for fri bevegelse og mosjon på beite i minimum 16 veker i løpet av sommarhalvåret, og moglegheit til regelmessig mosjon og fri bevegelse resten av året.

2. Kvifor prosjekt

Behovet for fornying av driftsapparat i Lom og Skjåk er stort, og skal ein greie å oppretthalde mjølk- og storfekjøttproduksjonen på dagens nivå i åra framover må det setjas inn mobiliseringstiltak for å stimulere produsentar til å bygge om til lausdrift. Utfordringa er på ingen måte unik for Lom og Skjåk; så mykje som 67 % av mjølkefjøsa i Innlandet er framleis båsfjøs¹. Desse tala tatt i betraktning vil det mest truleg bli ein kamp om investeringsmidlane i tida framover. Det er derfor viktig at produsentane riggar seg for framtida allereie no, og startar prosessen med å gjere dei investeringane som er naudsynte for å innfri lausdriftskravet. Det er og nærliggande å tru at fleire av fjøsa uansett har eit renoveringsbehov før lausdriftskravet inntreff i 2034.

Dette prosjektet skal bidra til at mjølk- og storfekjøttprodusentane i Lom og Skjåk blir motiverte til å satse for framtida og investere i lausdriftsfjøs. Prosjektet skal bidra til at produsentane får utnytta dei ressursane som fins til å vidareutvikle drifta og sikre ein robust, lønnsam og berekraftig produksjon på garden i framtida. Produsentane skal få eit betre avgjerdsgrunnlag med omsyn til modernisering av driftsbygningen, og auka kunnskap om driftsleiing og driftsoptimalisering. Dette skal mellom anna gjerest ved å vise fram kostnadseffektive byggeløysingar, og ved å belyse faktorar som påverkar lønnsamheit i drifta. Prosjektet skal ha fokus på omdømmearbeid, yrkes stoltheit og positive haldningar ved å støtte opp om produksjonsmiljø og bygge gode møteplassar.

Prosjektet skal fremje samarbeid mellom produsentar som bidreg til at kostnadane knytt til drifta blir lågare. Eit eksempel på det er maskinsamarbeid. I tillegg skal prosjektet jobbe for at eventuelle mjølkekvotar som seljas går til andre produsentar i Lom og Skjåk, og ikkje havnar i ein annan kommune i Innlandet. Rekruttering til næringa er viktig for å oppretthalde produksjonen, og generasjonsskifte vil derfor vere eit naturleg fokusområde i prosjektet. Samstundes vil aktørane involvert i prosjektet vere bevisste på å formidle kontakt mellom seljarar og potensielle kjøparar av gardsbruk gjennom heile prosjektperioden.

Målsetjinga er at ei satsing på mjølk- og storfekjøttproduksjonen i Lom og Skjåk vil sikre bruksstrukturen i kommunane, og oppretthalde produksjons- og arealgrunnlaget. Det aller meste av

¹ Regionalt næringsprogram for Innlandet 2019-2022.

arealet i Lom og Skjåk er ikkje egna til noko anna enn grovfôr dyrking. Prosjektet legg til rette for vidare drift av dei fulldyrka landbruksareala, og ikkje minst bruk av innmarksbeiter og aktiv forvaltning av utmarksbeiteressursane. Beitebruk har mange fordelar i ein ressursamheng. Beitedyra held naturbeitemarkene i hevd, og bidreg til å oppretthalde det biologiske mangfaldet. I tillegg viser forskning at beitebruk kan ha ein positiv effekt på klima gjennom auka lagring av karbon i beitemark². Ved ei stadig auke i gjengroing av utmarksareala aukar og opptaket av solvarme og bidraget til global oppvarming. Beitedyra held landskapet ope, og det bidreg til refleksjon av solenergi. Prosjektet stimulerer til ei effektiv utnytting av dei lokale fôrressursane også i framtida, noko som er positivt på fleire måtar i eit klimaperspektiv. I tillegg bidreg det til å oppretthalde eit attraktivt kulturlandskap.

Satsinga vil bidra til å bevare arbeidsplassar knytt til landbruket (t.d. entreprenørar, snekkarar, verkstader, leverandørar av driftsmedel og rådgjevarar), og sikre livskraftige bygdesamfunn i distriktet. Prosjektet vil dermed kunne ha ein positiv effekt på den regionale målsetjinga om eit berekraftig og attraktivt landbruk i Innlandet som bidreg til kvalitetsproduksjon, vekst og utvikling i heile fylket³. I det regionale næringsprogrammet er det understreka at ei satsing på volumproduksjonane og er viktig for å nå nasjonale mål.

Prosjekt mål:

- Sikre bruksstrukturen og oppretthalde areal- og produksjonsgrunnlaget
- Bidra til at produsentane ser moglegheiter og blir motiverte til å satse for framtida
- Rekruttere nye produsentar

3. Resultatmål

- ✓ Oppretthalde talet på mjølk- og storfekjøttprodusentar på minst same nivå som i 2019
- ✓ Oppretthalde volumet av mjølk levert på minst same nivå som i 2018
- ✓ Oppretthalde talet på ammekyr på minst same nivå som i 2019
- ✓ Minst 20 nye søknadar til Innovasjon Norge (nybygg/ombygging)
- ✓ 40 gardbrukarar skal delta på kartlegging av enkeltbruk

Resultatmåla for prosjektet er forholdsvis enkle å etterprøve ved prosjektets slutt. Dei tre første måla kan vi hente ut statistikk på. Mål fire har vi kontinuerlig oversikt over gjennom samarbeidet med Innovasjon Norge. Det femte målet kan etterprøves ved å føre ei liste over dei som nyttar seg av rådgjevingstilbodet.

4. Strategiar

Prosjektet har valt ein kombinasjon av fleire ulike aktivitetar, med både felles og individuelt fokus. I løpet av prosjektperioden blir det gjennomført ein serie med fagmøter som er ein viktig arena for å formidle kunnskap, i tillegg til at dei representerer faste møteplassar for produsentane og verkar

² Hillestad, M.E. 2019. *Beitemarka – et ukjent karbonlager*. Rapport 5-2019. AgriAnalyse.

³ Regionalt bygdeutviklingsprogram for Innlandet 2019-2022

miljøskapande. Formålet med møta er at dei skal heve det faglege nivået hos produsentane, bidra med nye tankar og idear, og skape motivasjon blant produsentane. Som eit meir praktisk komplement til dei teoretiske fagmøta vil det bli arrangert to fagturar til andre delar av Innlandet, kor produsentane får moglegheit til å sjå ulike byggeløysingar i drift og hauste erfaringar direkte frå dei ulike brukarane vi besøker. Målet er at det vil gje eit litt breiare og meir realistisk perspektiv på kva som er mogleg av byggeløysingar utan at kostnadane blir for høge. Det har vore ein tendens til at det ofte er dei store byggeprosjekta som blir vist fram i media, men det fins og mange gode løysingar som er tilpassa den bruksstrukturen og det ressursgrunnlaget som pregar landbruket i Lom og Skjåk, og det er dei vi ønsker å vise fram.

Prosjektet skal legge til rette for å strukturere og utvikle den faglege samtala mellom gardbrukarane gjennom å etablere diskusjonsgrupper. I ein investeringsfase er det mange avgjerder som skal takas og mange moglegheiter som skal vurderas, og det kan vere greitt å ha nokon som er i same situasjon å diskutere ulike løysingar med. Bondeyrket kan vere einsamt, og det er ikkje så ofte ein møter andre kollegaer i ein travel kvardag. Målet er at diskusjonsgruppa skal vere ein sosial møteplass som stimulerer til fagleg samarbeid blant gardbrukarane, noko som forhåpentlegvis kan fortsetje også etter at prosjektet er avslutta.

Eitt av hovudmåla i prosjektet er å auke investeringsvilja blant gardbrukarar i Lom og Skjåk, og for at vi effektivt skal nå det målet er vår oppfatning at vi må gjere tiltak på gardsnivå. Gjennom prosjektet skal derfor brukarane få tilbod om å setje seg ned saman med rådgjevarar og kartlegge moglege løysingar for omlegging til lausdrift tilpassa økonomi, driftsopplegg og ressursgrunnlag på den enkelte garden. Kartlegginga vil gje ei betre oversikt over aktuelle byggeløysingar, og potensialet i drifta vidare. Ved å møte rådgjevarane er det og lågare terskel for å ta kontakt med dei seinare. For mange kan det vere ei barriere å bruke fleirfaldige tusen på rådgjeving når dei i utgangspunktet er usikre på om dei i det heile tatt skal fornye driftsbygningen. Målet er at kartlegginga finansiert gjennom prosjektet skal bidra til at fleire byggeplanar blir realisert.

5. Tiltak og gjennomføring

5.1 Aktivitetar

5.1.1 Opne fagmøter

Prosjektet skal arrangere fagmøter som er opne for alle produsentar. Temaa som blir belyst på møta skal vere knytt til sentrale faktorar i drifta, og til viktige moment i ein byggeprosess. Prosjektet skal gjennomføre totalt 14 fagmøter.

Stikkord for tema:

- Kostnadseffektive byggeløysingar nybygg
- Kostnadseffektive byggeløysingar ombygging
- Planlegging og gjennomføring av byggeprosjekt
- Finansiering av driftsbygning
- Driftsplan og økonomi
- Betre agronomi
- Teknologi for små og mellomstore fjøs
- Dyrevelferd og dyrehelse
- Nye krav til hald av storfe
- Strategi og vegval
- Optimalisering av drifta
- Generasjonsskifte

Kostnadsberekning:

Honorar foredragsholdar, servering og leie av møtelokale:	kr 6 000 per møte
Administrasjon, 5 timer per møte * 350 kr/t:	kr 1 750 per møte
Sum 14 fagmøter:	kr 108 500

5.1.2 Fagturar

Prosjektet skal arrangere to fagturar til andre delar av Innlandet der vi besøker mjølk- og storfekjøttprodusentar som har bygget om eller bygd ny driftsbygning. Turane vil bli lagt opp som dagsturar med besøk hos 3-4 produsentar med ulike byggeløysingar, og byggerådgjevar vil delta på turen som fagkonsulent.

Kostnadsberekning:

Buss, servering, betaling av bidragsytarar, (40 pers):	kr 35 000 per tur
Administrasjon, 10 timer per tur * 350 kr/t:	kr 3 500 per tur
Sum to fagturar:	kr 77 000

5.1.3 Diskusjonsgrupper

Prosjektet skal etablere fire diskusjonsgrupper for drøfting av idear, erfaringsutveksling og overføring av kompetanse mellom produsentar. Det skal gjennomførast 3 møter i kvar gruppe i prosjektperioden. Rådgjevar vil vere møteleiar på møta, og legg opp til eitt eller to aktuelle tema knytt til bygging/byggeprosessen og driftsøkonomi/driftsleiing på kvart møte.

Kostnadsberekning:

Møteleiing v/rådgjevar, 6 timar pr. møte (inkl. køyretid) * 900 kr/t:	kr 5 400 per møte
Køyregodtgjersle:	kr 6 000
Administrasjon, 6 timer * 350 kr/t:	kr 2 100
Sum 12 møter:	kr 72 900

5.1.4 Kartlegging av enkeltbruk

Prosjektet skal tilby kartlegging med rådgjevar på enkeltbruk for å finne potensielle løysingar for ombygging/nybygg, og vurdere moglegheitene for auka lønnsamheit i drifta. Alle mjølk- og storfekjøttprodusentane i Lom og Skjåk får tilbod om ei «kartleggingspakke» på totalt 12 timar med rådgjevar. Kostnadane blir finansiert gjennom prosjektet. Maksimum tal deltakarar er set til 40 produsentar. Rådgevinga vil gjennomførast kontinuerleg gjennom prosjektperioden. Rådgevingstimar utover «kartleggingspakka» må kostas av den enkelte.

Kostnadsberekning:

15 rådgevingstimar (inkl. køyretid) per bruk * 900 kr/t	kr 13 500 per bruk
Køyregodtgjersle:	kr 12 000
Administrasjon, 8 timer * 350 kr/t:	kr 2 800
Sum 40 bruk:	kr 554 800

5.2 Tidsplan

Prosjektet er tenkt gjennomført over 3 år, med start i januar 2020 og avslutning hausten 2022. Aktivitetane vil i hovudsak gå føre seg i månadane i vinterhalvåret. Kartlegging av enkeltbruk blir gjennomført som ein kontinuerleg aktivitet gjennom heile prosjektperioden.

Prosjektleiar

Styringsgruppa med representant frå Landbrukskontoret i Lom og Skjåk som leiar. Landbrukskontoret sin rolle er å holde styring med framdrift, ressursbruk og rapportering. Landbrukskontoret held kontakt med styringsgruppa, og sørgjer for god informasjonsflyt og samarbeid både i og utanfor prosjektet.

7. Kritiske faktorar

Prosjektet er avhengig av at ein lykkas med marknadsføringa av prosjektet slik at målgruppa gjer seg kjend med dei ulike aktivitetane. I tillegg er det avgjerande at produsentane får god nok informasjon om kvar enkelt aktivitet, og at ein greier å mobilisere dei til å delta på aktivitetane. Ein bør finne tema til dei første fagmøta i prosjektet som skapar nysgjerrigheit og motiverer produsentane til å delta, slik at ein får størst mogleg oppmøte i starten av prosjektperioden. Ein av dei viktigaste faktorane for prosjektet er heilt klart produsentanes engasjement og motivasjon til å delta.

Koordinering og samarbeid i styringsgruppa er viktig for organiseringa av prosjektet, og kvaliteten på aktivitetane. Styringsgruppa er og viktig for å sikre kontinuitet i prosjektet.

Rådgjevingsorganisasjonane som er involvert i prosjektet må sørgje for å ha kapasitet til å levere bestilte oppdrag.

8. Ressursar, budsjett og finansiering

8.1 Budsjett

Det totale kostnadsoverslaget for prosjektet er på kr 918 800 fordelt over 3 år. Tabellen under viser ei kostnadsoversikt med fordeling av kostnadane for dei ulike tiltaka. Kostnadar for dei fire hovudaktivitetane er beskrevet under punkt 5. Utgifter i samband med styringsgruppemøter omfattar møtegodtgjersle til deltakarane og servering på møta. Det blir gjennomført 2 styringsgruppemøter i året gjennom prosjektperioden. Timesatsen for kommunanes eigeninnsats er kr 350 pr. time.

Tiltak	Kostnad, kr totalt	Kostnad 2020	Kostnad 2021	Kostnad 2022	Timer
Fagmøter	108 500	38 750	31 000	38 750	70
Fagturar	77 000	38 500	38 500		20
Diskusjonsgrupper	72 900	13 900	47 200	11 800	6
Kartlegging av enkeltbruk	554 800	186 800	184 000	184 000	8
Styringsgruppemøter	95 100	31 700	31 700	31 700	30
Rapportering	10 500			10 500	30
SUM	918 800	309 650	332 400	276 750	
Sum timeforbruk administrasjon					164

8.2 Finansieringsplan

Prosjektet er planlagt finansiert med utgreiings- og tilretteleggingsmidlar i landbruket, eigeninnsats og kapital frå kommunane, og eigeninnsats frå organisasjonane (arbeidsinnsats) som er involvert i styringsgruppa. Eigeninnsatsen frå organisasjonane er verdsatt til kr 600 pr. time.

Utgreiings- og tilretteleggingsmidlar i landbruket, Fylkesmannen i Innlandet	kr	689 100
Eigeninnsats organisasjonar	kr	44 100
Eigeninnsats kommune (timeforbruk tilsett)	kr	57 400
Lom kommune	kr	64 100
Skjåk kommune	kr	64 100
SUM	kr	918 800

9. Rapport

Styringsgruppa vil kontinuerlig evaluere dei tiltaka som blir gjennomført i prosjektperioden, og vurdere effekten av dei ulike aktivitetane opp mot prosjektmåla. Prosjektleiinga vil sørge for at evalueringa dokumenteras, og at vurderingane som blir gjort undervegs kjem med i den endelege rapporten. Resultata og erfaringane frå prosjektet blir i sin heilheit presentert i ein rapport ved prosjektets slutt, og denne blir sendt til Fylkesmannen i Innlandet, fylkeskommunen og Innovasjon Norge, i tillegg til at den deles med representantane frå dei ulike organisasjonane i styringsgruppa. Det vil og vere naturleg å foreta ei ny evaluering ei tid etter at prosjektet er avslutta, ut i frå dei måla som er sett, for å sjå på dei meir langsiktige effektane av tiltaka. Det vil derfor bli gjennomført ei ny oppsummering av prosjektmåla i 2025 ved landbrukskontoret i Lom og Skjåk. Prosjektet legg opp til aktiv bruk av media undervegs i prosjektperioden, og det vil og vere ein viktig kanal å bruke for å formidle resultata frå prosjektet. Prosjektleiinga er opne for å dele erfaringane frå prosjektet på kommunesamlingar og andre arrangement i regi av Fylkesmannen i Innlandet.